



SYKKYLVEN KOMMUNE

Rapport frå spørjeundersøkinga om bruk av friluftsområde på Fjellsetra



april 2011

INNHALD

1. Innleiing	3
1.1. Metode	4
1.2. Bakgrunnsinformasjon	4
2. Resultat	6
2.1. Kor ofte vert Fjellsetra brukt	6
2.2. Grunn for å bruke Fjellseterområdet	6
2.3. Kva for friluftsjaktivetar	7
2.4. Kva område vert brukt.....	8
2.5. Kvar parkerer folk	10
2.6. Tilfredsheit med tilbod.....	11
2.7. Forbettringsforslag	12
3. Konklusjon	13
4. Vedlegg:	15

Vedlegg A: Utdelt spørjeskjema

Vedlegg B: Resultat av spørjeundersøkinga – tabellframstilling

Vedlegg C: Oversiktskart – nokre resultat framstilt på kart

1. Innleiing

Sykkylven kommune har registrert eit stort byggepress i områda kring Sætrevatnet og Nysætervatnet¹ dei siste åra. På grunn av denne situasjonen har det vore behov for ei tilpassing av gjeldande reguleringsplan for områda kring Nysætervatnet. Arbeidet med rulleringa vart oppstarta i februar 2008.

Etter denne kunngjeringa kom det 37 innspel frå berørte partar og grunneigarar. Det var få tilbagemeldingar frå folk som brukar Fjellsetra som friluftsområde. For å kunne ivareta fleire interesser i planprosessen, var det naudsynleg å spørje folk direkte om bruken deira av desse områda.

Difor gjennomførte Sykkylven kommune ei spørjeundersøking i starten av april 2011. Målsetjinga med dette arbeidet var å få oversikt over område som blir brukt. Desse plassane er viktige å ta vare på for ålmenta sine interesser. Dessutan blei det spurt om kva for friluftaktivitetar folk driv med og kor fornøgde dei er med tilbodet. For å få til ei positiv og mangfaldig utvikling av Fjellseterområdet er det også avgjerande å vite kva som må forbetrast.

Resultatet av undersøkinga skal brukast som grunnlag i det vidare arbeidet med rulleringa av reguleringsplanen for områda kring Nysætervatnet.

¹ Fjellsetra eller Fjellseterområde vert brukt som samleomgrep for områda kring Nysæter- og Sætrevatnet

1.1. Metode

For å nå flest mogleg brukarar vart spørjeskjemaet (vedlegg A) delt ut direkte på Fjellsetra 03.04.11. Dei som ikkje hadde fått skjemaet, og gjerne ville bidra, kunne laste ned formularet frå kommunen si heimeside.

Spørjeundersøking vart også kunngjort på førehand i Sykkylvsbladet, på kommunen si heimeside og på facebook.

Deltakarar i undersøkinga kunne vinne sesongkort for parkering på Fjellsetra eller gåvekort på 500 kr frå Sykkylven handelsforeining. Tilbodet for premie vart gjort for å oppnå høg svarprosent.


Skjemaet vart laga brukarvenleg. Undersøkinga var anonym og inneheld berre 10 korte spørsmål slik utfyllinga av skjemaet tok cirka 5 minutt. Dessutan vart skjemaet delt ut med ein vedlagt ferdigfrankert svarkonvolutt.

1.2. Bakgrunnsinformasjon


Det vart delt ut 266 spørjeskjema på Fjellsetra. Vi fekk inn 97 svar. Dette gir ein svarprosent på 36,5 %. I tillegg kom 14 tilbakemeldingar frå brukarar som hadde lasta ned skjemaet frå heimesida til kommunen.

I forhold til det som var målsetjinga med denne undersøkinga, er vi fornøgde med deltakinga.


34% av dei som svarte er i aldersgruppa 46 – 55 år. Minst representert er dei frå 0 til 18 år og frå 19 til 25 år. Det er registrert at 93% som reiser til Fjellsetra tar familien med dit, og av desse er det 55% barnefamiliar som har gjennomsnittleg 2,6 born. Fjellsetra er tydeleg ein opphaldsstad for mange barnefamiliar. Vi går ut frå at born og ungdomar inngår i dei mange familiebesøka og er dermed naturleg underrepresenterte som svararar.




Blant dei som svarte er 72% frå Sykkylven kommune og 19% frå Ålesund. 3% er frå Stranda og Haram kommune. Dei attverande 5% er frå Giske, Herøy, Sula, Ørsta og Oslo.



60% av deltakarane er besøkande på Fjellsetra. 41% er hytteeigarar i områda kring Nysæter- og Sætrevatnet. Av desse er 58% frå Sykkylven kommune, 33% frå Ålesund og 9% frå andre kommunar.



Som allereie nemnt er 93% av 111 deltakarar med familiemedlemmene sine på Fjellsetra. 51% av alle møter også venene sine der og brukar Fjellsetra til sosiale aktivitetar. 29% er åleine på tur for å trene eller nyte fred og ro.



2. Resultat


Tabellframstilling av resultata er vedlagt rapporten (vedlegg B).

2.1. Kor ofte vert Fjellsetra brukt

80% nyttar områda kring Nysætervatnet og Sætervatnet til ulike friluftaktivitetar både vinter og sommar. 19% er berre på Fjellsetra om vinteren og 1% er der berre om sommaren. Gjennomsnittleg er folk der 24 dagar om vinteren og 18 dagar om sommaren. Gjennomsnittstala er ikkje representative nok då takt på dagar har stor spennvidde, med 2 til 100 dagar om vinteren og 0 til 86 dagar om sommaren.


2.2. Grunn for å bruke Fjellseterområdet


Fysisk aktivitet, kunne nyte ro og fred samt natur- og landskapsoppleving merkjer seg ut som dei viktigaste grunnane til val av Fjellsetra. Dette gjeld også for moglegheita å kunne kombinere langrenn/tur og alpint. For 30% er det viktig å treffe folk og vere sosial. Oppleving av kulturlandskap, arrangement og hytteliv har meir underordna betyding.



2.3. Kva for frilftsaktivitetar

87% av deltakarar driv med langrennski og turski om vinteren. 55% av dei spurte står på alpinski eller snøbrett. Andre aktivitetar er til dømes aking, toppturar eller skøyting.






Turgåing er den viktigaste sommaraktiviteten på Fjellsetra. Det vert antatt at hovudgrunnen er nærleiken til fjellet og eit rikt tilbod på turmoglegheiter.

Nysætervatnet og Sætervatnet er også ein friluftsressurs på Fjellsetra, men som vert mindre brukt til fiske, bading og padling. Dette resultatet kan skyldast at flest hyttefolk nyttar dette tilbodet. Ein annan grunn kan vere nedtapping av Nysætervatnet om sommaren, noko som gjer vatnet mindre attraktivt. Andre aktivitetar folk driv med er til dømes sykling, bærplukking og jakt.

2.4. Kva område vert brukt




Dei mest brukte friluftsområda er illustrert i figur 1 nedanfor. Dessutan vert desse områda og dei mest frekventerte parkeringsplassane framstilt på det vedlagte oversiktskartet (vedlegg C).

Fjellseter-runden og Sætrevatnet-runden er dei viktigaste løypene. Skitrekket vert nytta av 38% av deltakarar.

Fitjakollen, Tuvdalen, Revsdalen, Sunndalen, Auskjeret, Vikeelva/Blådalen og spesiell Fausalia vert mindre frekventert. Dette gjeld uavhengig av årstid. Grunnen til dette kan vere at det finst ingen oppkørte løyper, og turen er difor meir krevjande.


Rundt Stigelia er der ei preparert løype. Likevel vert området berre nytta av 8%. Det er vanskeleg å finne forklaringa på dette resultatet.

Det er registrert 34% av dei spurte som bruker sjølve Nysætervatnet og Sætrevatnet til fisking, padling og bading. Dette bekreftar at også begge vatna er ein viktig ressurs for friluftslivet på Fjellsetra.



Figur 1: Kartframstilling av dei flest brukte friluftsområda; dei blåe pilane markerer startområde av viktige sti- og løypetraséer

2.5. Kvar parkerer folk



Folk parkerer på fleire plassar avhengig av kva aktivitet dei skal drive med, eller kva tur dei skal gå. 43% plasserer bilen ved skitrekket. Denne parkeringsplassen ligg sentralt plassert med tanke på høve for ulike aktivitetar. Her er dei fleste oppstillingsplassane. 36% brukar området ved Drabløsskiftet til parkering. Dette er den første plassen som tilbyr parkering og som ligg i nærleiken til Sætrevatnet-runden (Fjellseter-runden). Derifrå startar også turen til Fitjastølen/-kollen eller til Sunndalen.

16% parkerer attmed Fausaskiftet. Dette ligg nær starten av turen til Auskjeret og Fausalia. I tillegg er det kort veg til Fjellseter-runden.


10% bruker vegen mellom Drabløsskiftet og skitrekket til parkering. Når det er flotte skiforhold i helgar eller i ferietida, har det ofte skjedd at det står bilar langs heile vegen.

Der det er mindre frekventerte turområde, til dømes Revsdalen eller Tuvdalen, parkerer berre nokre få bilane sine.

Bruken av ulike oppstillingsplassar er avhengig om køyrevegen er vinterbrøytta eller vinterstengt. Om sommaren er det nokre få som også parkerer ved Fitjastølen eller Drabløsvegen.

2.6. Tilfredsheit med tilbod

■ fornøgd ■ nøytral ■ misnøgd



84% er fornøgde med dei eksisterande skiløypene. Berre 4% er misnøgde med tilbodet. Grunngevinga er ofte manglande alternativ for turgåing og dårleg merking/skilting av traséane.

66% av dei spurte er fornøgde med skitrekket, ingen er misnøgde. Dei 34% som kryssa av nøytralt, bruker berre å gå i langrennsløypene.

Berre 30% er fornøgde med dei eksisterande turstiane. 53% har ei nøytral meining om turtilbodet og 17% er misnøgde. Dette forholdet kan skyldast på manglande vedlikehald og skilting av dei eksisterande stiane.

Det er registrert liknande resultat av velnøye med turstiltilbodet og skiltinga. Grunnen til dette er at turstiltilbod automatisk vert assosiert med skiltinga.

Meir enn halvparten av deltakarar er fornøgde med tilbodet av parkeringsplassar. 22% er ikkje fornøgde. Dette vert grunngitt med dårleg vedlikehald av parkingsplassane og manglande oppstillingsplassar.

31% er fornøgde med køyrevegen og 37% har ei nøytral holdning. 32% av dei spurte er misnøgde. Dårleg vegstandard vert mest nemnt som grunnen.

2.7. Forbetringsforslag

Kvifor folk er misnøgde med ein del av tilboda vert vist gjennom dei forbetringsforslag som er ført opp nedanfor:

- 18% - betre vedlikehald av køyrevegen/parkeringsplassar (t.d. asfaltering, betre brøyting, lågare fartsgrense)
- 16% - etablering av lysløype (t.d. rundt begge vatna)
- 15% - opparbeide fleire parkeringsplassar (t.d. utvide vegen mellom Drabløsskiftet og skitrekket)
- 12% - hindre nedbygging av eksisterande skiløyper/turstiar (hovudgrunnen for bruk av området, fortetting av eks. hyttefelt, nokre løyper burde også opparbeidast som tur- og sykkelsti)
- 11% - fleire alternativ for langrenn/tur (t.d. Drabløsstølen-Fitjakollen-Stigelia, rundt Fitjakollen, i Revs- og Tuvdalen)
- 10% - betre skilting og merking av turstiar (skiltinga langs løypene er dårleg og utdatert, oppdatering av løypekartet, etablering av avstandsmål)
- 8% - betre vedlikehald/rydding/sikring av skiløyper/turstiar (t.d. bruer over bekkar langs Fjellseter-runden)
- 7% - betre merking av skiløyper og skitraséar ved skitrekket
- 6% - forbetre avløpssituasjonen i hyttefelt (t.d. felleskloakk)
- 5% - kommunal støtte til oppkøyring av skiløyper
- 4% - skilting av åtfersdsreglar på Fjellsetra og kvar parkering er tillatt
- 4% - heilårscamping og ny campingplass

Følgjande forslag vart også ført opp:

Betre tilrettelegging for bruk av friluftsområde:

- Tilrettelegging for bading
- Vidareutvikling av alpinanlegget, t.d. stolheis
- Mindre nedtapping av Nysætervatnet
- Etablering av terrengsykkel sti til enkelte fjelltoppar
- Avgrense hyttestorleiken
- Offentlege toalett
- Gondol til Fitjakollen

Tilrettelegging for bruk av hytte:

- Fleire hytter
- Vinterbrøyta Drabløsveg

Tiltak for estetisk forbetring:

- Utsifting av Trafo-kioskane
- Stadstilpassa overbygg til søppel-containerplassane

Andre forslag:

- Ingen parkering langs køyrevegen
- Køyreveg rundt Nysætervatnet med bru
- Ingen campingplass

3. Konklusjon

Gjennom denne undersøkinga har vi fått svar på kor ofte folk bruker Fjellsetra som friluftsområde, kven som nyttar tilboda der og kva dei driv med både vinter og sommar. Dessutan har vi fått vite kva brukarar er fornøgde eller misnøgde med. Mange kom også med tilbakemeldingar om kva som bør forbetrast. Desse merknadene er eit viktig supplement til spørsmåla om velnøye.

Ei problemstilling som dukka opp ved vurderinga av innsendte skjema, var at ein burde har stilt fleire spørsmål til nokre tema for å kunne differensiere resultatet litt betre. Det er alltid ein balansegang for kor mykje eller kor lite ein treng å vite for å nå målsetjinga med ei spørjeundersøking. På den andre sida er for mange spørsmål også ei fare for mindre deltaking i ei slik undersøking. Det som definitivt burde har vore meir differensiert, er spørsmål nr. 7. Her burde vi har spurt kva område folk bruker om vinteren og kvar er dei om sommaren. Dette er ingen vesentleg feil, resultatet er likevel representativ for målsetjinga vår.

Det som viser seg gjennom denne undersøkinga er at områda kring Nysætervatnet har både lokal og regional betyding for friluftsliv. Der er hovudsakleg sykkyllvingar og ålesundarar som oppheld seg her i fritida si.

Fysisk aktivitet og kombinasjon av alpint- og turskisport var oppgitt som motivasjon på spørsmål om kvifor dei dreg til Fjellsetra. Ein annan stor verdi av områda kring Nysætervatnet ligg i moglegheita å kunne nyte naturen og landskapet. Gjennom resultatet vert det vist at det også må takast omsyn til landskapsoppleving og friluftsinnteresser.

Av brukarane er det ikkje berre hytteeigarar, men også dagsturistar som set pris på Fjellsetra som friluftsområde. Ved tilrettelegging av friluftstilboda må det også takast omsyn til kva dei besøkande har behov for. Her bør ein til dømes tenkje på parkeringsplassar, offentlege bygg til overnatting og toalett for ålmenta. Meir informasjon som skilting og merking av turstiar og løyper, har mykje å seie for god brukarvenlegheit.

Av dei som reiser dit er det registrert mange som har med familien sin. Halvparten av dei som blei spurt representerer barnefamiliar. Dette understrekar at ein også må leggje vekt på barne- og familievenlege tilbod, samt fysisk tilrettelegging av omgjevnader.

Fjellsetra er ikkje berre eit vintersportsområde. Også om sommaren nyttar folk dette området til ulike friluftaktivitetar. Dette gjeld både hyttefolk og dagsturistar.

Turstiane er ein av dei viktigaste ressursane som finst der om sommaren. For å framleis kunne satse på desse, må tiltaka for å forbetre tilboda prioriterast framover. Øvst på tiltaksliste burde stå ny kartlegging av stiane, rydding og merking av traséane. I tillegg bør skilt-informasjon plasserast ved starten av Nysæterområdet og på dei største parkeringsplassane.

Sjølve Nysætervatnet vert også ofte brukt om sommaren, flest av hyttefolk. For å kunne nytte dette vassområdet betre, bør det etablerast badeplassar og fiskeplassar. Nedtapping av Nysætervatnet bør også drøftast. Dessutan er det viktig at det finst plassar som er tilrettelagt og tilgjengeleg for ålmenta.

Å kunne kombinere alpint med langrenn eller turski, er ein av hovudgrunnen til at folk kjem til Fjellsetra. Skitrekket og Fjellseter-runden er mest brukt, men ønsket er ei vidareutvikling av dei eksisterande tilboda for å få større variasjon. Eit forbettringsforslag som vert oppgitt er fleire alternativ for løypetraséane, til dømes rundt Fitjakollen eller gjennom Revsdalen/Tuvdalen. Manglande oppkøyrt løyper kan også vere ein grunn kvifor områda, Tuvdalen, Revsdalen eller området ved Fitjakollen, vert mindre frekventert. Det bør vurderast om det skal køyrast opp fleire preparerte traséar.

Dette er sjølvsagt også eit spørsmål om kostnader. Her bør det undersøkast om ev. ulike løysingar å finansiere slike tiltak.

I tillegg er det etterspurt betre skilting og merking av dei eksisterande skiløypene.

Manglande parkeringsplassar viser seg i denne undersøkinga og i fleire andre samanhengar er eit stort problem. Dette gjeld spesielt dei dagane med mange besøkande. Godt opparbeidde og skilta parkeringsplassar vil vere avgjerande for å lette tilkomsten og å auke brukartalet på Fjellsetra. Storleiken av plassane bør differensierast i forhold til staden dei skal etablerast på. Størst behov er ved Friluftssenteret, Drabløsskiftet og Fausaskiftet. Dei områda som er mindre frekventert, treng mindre oppstillingsplassar. Desse manglande parkeringsplassane er regulert frå før gjennom den gjeldande planen. Det manglar berre finansieringa og igangsetjinga av tiltaka.

Spørjeundersøkinga har gitt oss kunnskap om bruk av Fjellsetra som friluftsområde. Resultatet av denne undersøkinga skal brukast som grunnlag i arbeidet med rulleringa av reguleringsplanen for områda kring Nysætervatnet.

Hovudutfordringa er å balansere ivaretaking av verdiane for Fjellseterområdet og utbyggingsinteressene. Å finne eit godt kompromiss som flest mogleg kan akseptere, er avgjerande for det vidare planarbeidet og den framtidige utviklinga på Fjellsetra.

4. Vedlegg:

Vedlegg A: Utdelt spørjeskjema

Vedlegg B: Resultat av spørjeundersøkinga – tabellframstilling

Vedlegg C: Oversiktskart – nokre resultat framstilt på kart